

FØRESEGNER

DETALJREGULERINGSPLAN FOR FV. 57 STRANDANES - NISTADLIA

Føresegner dagsett 11.05.2020

Plankart dagsett 11.05.2020

Plan ID 1429 2015 004

1. Generelt

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utvikling av området skal skje i samsvar med plankart og føresegner. Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter.

2. Reguleringsføremål

Planområdet er regulert til følgende føremål:

Bygningar og anlegg (pbl § 12.5 nr.1)

Bustader – frittliggende – småhus (BFS)

Energianlegg (BE)

Andre kommunaltekniske anlegg (BKT)

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

Køyreveg (SKV)

Gangveg/gangareal (SGG)

Annan veggrunn - teknisk anlegg (SVT)

Kollektivhaldeplass (SKH)

Landbruk natur- og friluftsområde samt reindrift (pbl § 12-5, punkt 5)

LNFR – areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (L)

LNFR – formål kombinert med samferdselsanlegg og infrastruktur (LAA)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (pbl §12.5 nr.6)

Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)

Sikringssoner/faresoner (pbl §12.6)

Frisiktsone (H_140)

Faresone – Rasfare (H310_100 og H310_1000)

Faresone – Høgspent (H370)

Føresegnområde (pbl §12.7, pkt 1)

Føresegnområde/Støyvoll (#1)

Anlegg og riggområde (#2)

Føresegnområde/Lunneplass (#3)

Støysoner (pbl §12.6, j.f. §11-8 a)

Raud støysone (H210)

Gul støysone (H220)

3. Felles føresegner

3.1. Definisjonar

Utnyttingsgrad -prosent bebygd areal (%-BYA) skal reknast i samsvar med «Rettleiar for grad av utnytting». Gesims,- og mønehøgde skal reknast i samsvar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin rettleiar «Grad av utnytting», av januar 2014.

3.2. Byggegrenser

Byggegrense er sett for bustadtomt BFS. Byggegrense elles følgjer veglova.

3.3. Automatisk freda kulturminne

Om det i samband med gravearbeid vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar som kan vere kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast i den utstrekning det råkar kulturminnet eller sikringssona på 5m, og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

3.4. Landskapshandsaming og terrengtilpassing

- a) Matjord skal takast vare på og nyttast vidare til jordbruksføremål. Alle område med eksisterande dyrka mark som vert forstyrta av anleggsdrift, skal tilbakeførast til same, eller betre bruk- og driftskvalitet som før inngrepa. Dette skal følgjast opp i «Plan for ytre miljø» som utarbeidast i byggeplanfasen.
- b) Ved funn av viltveksande svartelista/framande artar innanfor planområdet skal det lagast tiltaksplan for å hindre spreiding. Skal inngå i plan for ytre miljø.
- c) Nytt veganlegg skal utførast slik at det vert best mogleg tilpassa eksisterande terreng. Alle skjeringar og fyllingar skal avsluttast inn mot terrenget slik at sideområda får ei estetisk god utforming og slik at overgangen mot eksisterande terreng vert naturleg.
- d) For område som vert råka av vegbygginga (inkludert anleggsbelte og riggområde) skal eksisterande botnvegetasjon og vekstmedium avdekkast med varsemnd og mellomagrast på bestemte område i anleggsperioden. Alle råka areal tilknytt veganlegget skal settast i stand og revegeterast med bruk av lokale vekstmassar som vert lagra i anleggsperioden.
- e) Fjellskjeringar skal utformast slik at verknaden av skjeringa blir mest mogleg avdempa og at overgangen til eksisterande terreng skånsam og naturleg.

3.5. Vassdrag og overvatn

- a) Omlagde elver og bekkar, stikkrenner, kulvertar og bruer knytt til elver og bekker skal dimensjonert for 200-års flaumnivå. Dimensjonering skal gjerast i samsvar med Statens Vegvesen si handbok N200.
- b) Inngrep i vassdrag skal berre gjerast der det ikkje er mogleg å nytte andre løysingar. Kantsoner langs bekkar og elvar skal takast omsyn til og takast vare på. Kantvegetasjon som får skader i anleggsperioden skal reparerast. Kantskog skal stå att eller reetablerast. Erosjonssikring av bekkar skal gjennomførast etter anbefalingar i SGC si Skredfarevurdering langs Fv. 57 Setenes - Nistadlia, dok.nr. 2015-09-084/085, datert 06.05.2016.

3.6. Ureining til vassdrag og fjord

Det skal vurderast i prosjekteringsfasen om det er behov for suspensjonsdammar for å sikre at ikkje sprengeslam vert ført til vassdrag og fjord. Dette gjeld spesielt ved tunnelområda og deponiområde.

3.7. Anleggsperiode Gnareneset – Halsenes/Stegane

På strekninga Gnareneset til Halsenes/Stegane skal ein vise særskilt omsyn til hekkande sjøfugl på Holmelidholmane naturreservat. Sprengingsarbeid og anleggsarbeid med korte brå støytutslag, som t.d. tipping av masse skal ikkje utførast i perioden 01.04 til 15.07.

4. Bygningar og anlegg

4.1. Bustader – frittliggende – småhus (BFS)

Innanfor BFS1 er det høve til å føre opp bustadhus og garasje. Utnyttingsgrad er sett til %BYA=35%. Gesimshøgde maks 8m og mønehøgde maks 9m.

4.2. Energianlegg (BE)

BE 1-3: Innanfor områda er det høve til å etablere nettstasjon/trafo, med tilhøyrande infrastruktur

4.3. Andre kommunaltekniske anlegg (BKT)

BKT1 og 2: Området er avsett for teknisk bygg i samband med tunnel.

5. Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur

5.1. Køyreveg (SKV)

o_SKV1 og 2: (fv. 57) Området er avsett til offentleg veg, med tilhøyrande grøfter, skjeringar og fyllingar.

o_SKV3: (fv. 57) Området ligg i vertikalnivå 1 og er avsett til offentleg veg i tunnel, med tilhøyrande infrastruktur.

SKV 4 – 31: Øvrige vegar er private avkøyrslar til bustadområde og landbruksområde.

5.2. Gangveg/gangareal (SGG)

Gangareal med anna eigarform.

SGG1: I øvre del skal gangareal tilpassast slik at det er god sambinding mot o_SKV1. Ut over dette er det ei målsetjing at denne tilkomsten kan framstå mest mogleg som i dag. Ikkje regulert med brøytstandard.

SGG2: Skal opparbeidast som gangsti internt i området, og som tilkomst til busshaldeplass. Ikkje regulert med brøytstandard.

5.3. Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)

Areal som ligg inntil offentleg veg er regulert med offentleg eigarform, øvrige er regulert med anna eigarform.

- a) Innanfor føremålet kan det etablerast sideareal til veg i form av skjeringar, fyllingar og grøfter, rekkverk, murar og snøopplag.
- b) Mindre justeringar mellom dette og andre vegformål er tillate.
- c) I avsett rekkverksrom kan støyskjerm plasserast, utført t.d. som tett rekkverk med påbygg i aktuell høgde i samsvar med støyberekningar utført av fagkyndig instans. Støyskjermene må tilpassast regulert frisisiktsone.
- d) Innanfor føremålet er det høve til å etablere mindre gangtilkomstar mot landbrukseigedommar. Vilåret for dette er at siktilhøve er tilfredsstillande.
- e) For eventuell vegfylling som vert anlagd under kote 2,5, skal den aktuelle delen av fyllinga utformast på ein slik måte at den kan tole påkjenningane ved stormflo og bølgepåverknad utan at materiale vert vaska ut i fjorden.

5.4. Kollektivhaldeplass (SKH)

Areal o_SKH1-8 er avsett til utbygging av busslommer inkludert oppstillingsplass og buss-skur.

6. Landbruk natur- og friluftsområde samt reindrift

6.1. LNFR – areal for nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på Ressursgrunnlaget på garden (L)

Føremåla omfattar areal som ligg som LNFR i kommuneplanen sin arealdel. Områda skal nyttast etter gjeldande føringar i kommuneplanen sin arealdel. Sjå også § 3.4.

Området L30 inneheld bygningsrestar som ikkje skal øydeleggast, det er derfor ikkje høve til å gjere inngrep i/endre terrenget, parkere eller liknande på dette arealet.

6.2. LNFR – formål kombinert samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (LAA)

Deponi- og riggområde kan nyttast til all verksemd som er nødvendig for gjennomføring av veganlegget, slik som mellombelse bygg (brakker) og anlegg, lagring med meir. Når området vert teke i bruk skal det sikrast på forsvarleg måte.

Alle område som er tekne i bruk til anleggsverksemd og deponi skal settast i stand og revegeterast og tilbakeførast til det føremålet som er vist på plankartet. Sjå også § 3.4.

Utfyllingsarealet skal avsluttast på ein måte som er mest mogleg tilpassa terrenget omkring. Vedlagt byggesøknad skal det følgje snitt av skråningar og fyllingar som viser tilpassing.

7. Bruk og vern av sjø og vassdrag

7.1. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)

Føremålet omfattar eksisterande bekkar, med eit sideareal på 2-3m til kvar side. For o_V2, 3, 6 og 7, som ligg inntil offentleg veg, skal arealet vere offentleg. V1, 4, 5 og 8 er regulerte med anna eigarform.

V1-V4 og V5-V8: lysopning for Strandaelva og Gryvla skal dimensjonerast slik at den kan romme skred i elveløpet, under vegen. Sjå også § 3.5.

8. Sikringssoner/Faresoner

8.1. Frisiktsone (H_140)

I områda mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 m over nivået til dei tilgrensande vegane. Busker, tre, gjerde eller andre konstruksjonar som kan hindre sikt er ikkje tillate. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsoner. Kommunen kan krevje at sikthindrande vegetasjon og gjenstandar blir fjerna.

8.2. Faresone rasfare (H_310)

H310_100

Sonene markerer område med skredfare>1:100.

H310_1000

Sonene markerer område med skredfare>1:1000.

Utbygging av tiltak i samsvar med plan føreset skredsikringstiltak på fleire punkt, for å tilfredsstille vegvesenet sine akseptkriteria for skred. Prosjektering av skredsikringstiltak og vurdering av dei skjeringane som vert skapte av anlegget skal vere gjennomført av kvalifisert føretak, i samsvar med rapport (Skredfarevurdering langs Fv. 57 Setenes - Nistadlia, dok.nr. 2015-09-084/085, datert 06.05.2016 j.f §3.5 b). Sjå også §11.3.

8.3. Faresone høgspant

H370_

Fareområdet gjeld tryggleikssone rundt eksisterande høgspantanlegg og er merka H370 på plankartet. Før graving nær eksisterande kablar skal SFE kontaktast for kabelpåvising. Energiselskapet skal varslast dersom utbyggar nyttar anleggsmaskiner nærare linja enn 30m.

9. Føresegnområde

9.1. Føresegnområde/Støyvoll (#1)

Innanfor område #1 er det høve til å etablere støyvoll i høgde opp til kote 49,5.

9.2. Anlegg- og riggområde (#2)

Mellombels anleggsbelte

Alle område som er kombinert med markert føresegnområde for anlegg og riggområde, kan nyttast til anleggsområde så lenge anleggsarbeidet pågår. Anleggsbeltet kan nyttast til anleggsdrift og riggområde for byggherre/entreprenør.

Der anleggsbeltet kryssar avkøyrslar og tilkomstvegar/driftsvegar, skal anleggsdrifta planleggast og utførast slik at den ikkje hindrar bruken av desse.

Eksisterande markdekke (botnvegetasjon og voksemedium) innanfor områda som skal takast i bruk til anleggsarbeid, skal takast av på ein skånsam måte og lagrast i anleggsperioden på bestemte område.

Innanfor områda er det også lovleg å lagre vegetasjonsmasse som er avdekka av i samband med vegbygging og som skal brukast om att til istandsetting og revegetering av sideområda.

9.3. Føresegnområde/Lunneplass (#3)

Innanfor område #3 er det høve til å planere og opparbeide lunneplass for tømmer. Plassering og opparbeiding skal gjerast i samråd mellom utbyggar av fv.57 og grunneigar.

10. Støysoner

Grenseverdiane i Miljødirektoratet si retningslinje T-1442/2016 skal leggast til grunn for både anleggsfasen og driftsfasen.

H210_ Raud støysoner iht. T-1442

Høgste støyinnivå $L_{den} \geq 65$. Sone i plankartet viser situasjonen før ev. støyavbøtande tiltak langs veg. Det ligg ikkje støyfølsame tiltak innanfor raud støysoner, slike tiltak skal heller ikkje etablerast.

H220_ Gul støysoner iht. T-1442

Høgste støyinnivå $55 \text{ dB} \leq L_{den} < 65 \text{ dB}$. Sone i plankartet viser situasjonen før ev. støyavbøtande tiltak langs veg. Ved utbygging av ny fv. 57 skal støyavbøtande tiltak langs veg prioriterast. Sweco sin rapport; (RIAKU Fv 57 Setenes – Nistadlia Fjaler reguleringsplan, prosjektnummer 18465002, datert 05.03.2018.) viser framlegg til skjerming langs veg. I byggeplan må føreslegne støyskjermer detaljerast ytterlegare, og endeleg utstrekning og effekt reknast ut. Med grunnlag i endeleg skjermingsforslag må ein vurdere lokale tiltak på fasade og uteplass for eksisterande støyfølsame bygg med støyinnivå over grenseverdiane i T-1442. For innandørs støy gjeld grenseverdiane i NS8175/2012 lydklasse C. Alle eksisterande bustader og fritidsbustader skal ha tilgang på ein avgrensa uteplass med støyinnivå under $L_{den} = 55 \text{ dB}$.

11. Rekkefølgekrav

11.1. Kulturminne

Ingen fysiske tiltak kan starte opp før endelig kulturminnefagleg uttale ligg føre.

11.2. Støy

Støyskjermingstiltak langs veg i samsvar med §10 skal vere ferdig samtidig med ny veg. Lokale støyskjermingstiltak skal vere ferdig opparbeidd seinast 1 år etter opning av vegen.

11.3. Rassikring

Rassikringstiltak skal vere etablert samtidig med ny veg og ferdig opparbeidde før det vert sett ordinær trafikk på dei aktuelle områda.

11.4. Tilstelling

Etter avslutta anleggsperiode og seinast i løpet av sommaren etter ferdigstilling av veganlegget skal alle råka område, settast i stand og revegeterast, og tilbakeførast til det formål som er vist på plankartet.

11.5. Svartelista artar

Det skal gjerast ei undersøking i forhold til svartelista artar før oppstart slik at nødvendige tiltak kan setjast i verk før plantane vert spreidd.

11.6. Geotekniske undersøkingar

Før oppstart av anleggsarbeid, skal følgjande geotekniske vurderingar som minimum vere utført:

Strandanes:

Det bør gravast prøvehol (sjå figur 1) langs vegen i det området som er kartlagt som marine avsetjingar. Dersom ein under gravinga treff på lag som mistenkast som sensitive bør det hentast opp kjerneprøve for å undersøke skjærstyrken på sedimentet. Dette bør leggst til grunn for vurdering av stabilitet og setningsfare i prosjekteringa av fylkesvegen. Dersom ein under gravinga treff på sensitive lag som er så djupe at ein ikkje når gjennom dei med gravemaskin, bør ein mobilisere georigg for å gjennomføre totalsondering og djupare prøvetaking.

Tunell mellom Grylevika og Holmeli:

Det bør gjennomførast ei ingeniørgeologisk undersøking av bergmassane langs tunelltraseen i samsvar med vegvesenet sine handbøker N500 og V520 . Ei slik undersøking må innehalde ei detaljert litologisk og strukturell kartlegging av fjellet langs traseen (noko som kan måtte medføre kjerneboringar), kartlegging av sprekkesystem langs traseen, bergmasseklassifisering med Q-metoden og tilrådde tiltak for sikring av tunnelen, inkludert sikring i driftsfasen. Resultatet herifrå må ligge til grunn for prosjekteringa av tunnelen.

Fylling mellom Halsneset og Nistadlia:

Etter at skog og stadeigne massar er fjerna, før påfyllinga startar, bør det gjerast ei enkel overflatesynfaring for å avklare at det ikkje eksisterer opne sprekker i berggrunnen som kan utgjere fare for utgliding. Det må også gjerast ei geoteknisk prosjektering av fyllinga i samsvar med gjeldande retningslinjer for dette.